

**Frå:** Reidar Leiv Furelid <rfurelid@yahoo.com>  
**Send:** fredag 12. november 2021 11.39  
**Til:** Are Frøysland Grande  
**Emne:** Sv[4]: Om riving av kårhus og evt.nybygg på gbnr182/4.

Hei, igjen!

**No må eg be om at eg vert synt naudsynt *respekt* i denne saka!**

Eg har hatt "førehandskonferanse" og treng ikkje meir av den sorten,- slik erfaringa mi no er! Spar meg for meir om *DET*! Att og fram utan avklaringar tener ikkje til anna enn misbruk av ressursane våre,- m.a. tid som bør kunna brukast til meir gangbart!

*Det vert ikkje aktuelt med meir prat om dette. Kva skal avklarast på ein slik konferanse? Som ikkje kan avklarast når de får klåre, og etter mitt skjøn rimeleg forståelige spørsmål,- skriftleg og dermed får TID (!) til avklaring?! - Eg berre undrast!*

Det bør vera svært så klart at *ansvarlege* folk i kommunen må kunna svara på spørsmålet: **Er det endra på avtalen etter vassverksaka kring 1980? Gjeld ikkje den avtalen lenger? Om det er nokon som meiner det er uråd å svara på dette,- må ein berre undrast over inkompetanse i eit vonleg oppegående byråkrati!**

(I eit av svara til meg verkar det som om avtalen med grunneigarane her v/vassverksaka,- er noko gamalt og mosegrodd og forelda som er heilt fjent for tenestefolk i Alver!?)  
Diverre har *andre* i saker frå området møtt liknande haldningar! *Historieløyse* kan vera ganske alvorleg! Ønskjer kommunen at vi startar ei ny "Foss-sak"? = uendelege skriverier i avisene,- og ganske meningslaust i røynda! Sjå boka "Ikkje til å tru", av Bjarne Foss. Slikt bør partane sparast for! Då må ein ha TID og ORK! Det er meir fornuftige ting å gjera enn ørkeslause diskusjonar som i praksis berre stel tid! Eg har rikeleg med fornuftigare ting å bruka arbeidstida mi til! Og som før skrive: eg **ventar** det vert synt **respekt** andsynes den som her stiller ganske enkle spørsmål! Det er nesten som eg kjenner meg trakka på ved den opplevde ansvarsfråskivinga frå dykk i kommunen! Beklagar å måtta skriva slikt!)

- Når det her vert meir enn antyda at det er EG som skal undersøkje kva reglar som gjeld her,- ser eg det som ei grov mistyding frå "byråkratiet" i kommunen. Ansvarsfråskiving frå kommunen si side bør eg sleppa.

Eg har med mine 80 år mange erfaringar. Også i kontakt med "det offentlege". Eg har og i tidlegare tider delteke i det politiske liv og vore tilsett i Lindås kommune i fleire ti-år.

- Finn ut av dette,- og spar meg for meir att og fram! Og for all del: Eg har anna å bruka tid og pengar på enn advokathjelp! Då er det billigare å bruka pressa,- men som sagt: spar meg!

**Konklusjon:** Det må svarast klårt og utvetydeleg på spørsmålet om løyve til å setja opp att kårhus etter det vi må riva. Plassering etc. er teke med ganske fyldig i tidlegare epostar! Det er sjølv sagt ikkje det vanlege byggjeløyvet eg her er ute etter. Heller ikkje rivingsløyve. Dei sakene skal vi ta opp med naudsynte detaljar når det er klart for det! *Avløpet* frå eksisterande kårhus er oppjustert av Lindås kommune. Eg har og bede om at *Alver kommune må kunna finna ut av det anlegget*. Ein kan faktisk få inntrykk av at det er *eg* som skal "dokumentera" at dette er ok! Det er kommunen (då: Lindås) sitt eige arbeid det er snakk om. Andre stader der dei oppjusterte anlegg då, er dei (sjølv sagt) framleis i bruk. Det hadde vore slik hos oss og om det framleis budde nokon i huset!

Til avklaring av dette trengst ikkje nokon "førehandskonferanse". Eg har meir enn nok erfaring nytten av konferansar (både negative og positive: noko som til dels har mykje med *KVEN* ein har som "retteiar"),- til at eg brukar tid på det. Og kva skulle vi prata om? Spørsmåla mine er stilte skriftleg og eg må kunna få forståelege svar, - skriftleg. Kanskje må nokon setja seg inn i saker dei ikkje så ofte er borte i?

Det som er aktuelt å betala for meg til Alver kommune er dei gebyra som er knytte opp til dei to aktuelle søknadene: Løyve om riving og om byggjeløyve for erstatningshus like ved tomta til det gamle. Plasseringa av nytt hus har mykje å gjera med den eksisterande infrastrukturen: Veg, vatn, avløp, - og straum og telefonkabel som er i jord. (Såleis verkar det noko "bak mål" når det vert skriva til meg at eg må orientera om kor infrastrukturen er tenkt løyst! Og då var plassering orientert om!)

Takkar elles for raske svar!

Men svara kanskje ventast på i slike høve då ein som skal forstå saka treng tid til å setja seg inn i faktiske forhold! Det kan kanskje trengjast noko tid til det, men eg ser ikkje bort frå at det etterkvart er nokon i byråkratiet hos Alver kommune som kan gjera mykje nyttig ved *å kunna historia!*?

Likevel set eg stor pris på å få informasjon om vidare gange i sakene mine.

Med vennleg helsing Reidar Furelid

----- Original melding -----

Fra: "Are Frøysland Grande" <[are.froysland.grande@alver.kommune.no](mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no)>

Til: "Reidar Leiv Furelid" <[rfurelid@yahoo.com](mailto:rfurelid@yahoo.com)>

Cc: "Josep Gayrbekov" <[josep.gayrbekov@alver.kommune.no](mailto:josep.gayrbekov@alver.kommune.no)>

Sendt: 12.11.2021 08:05:23

Emne: SV: Sv[2]: Om riving av kårhus og evt.nybygg på gbnr182/4.

Hei,

Som vist til i tidlegare e-postar kan du bestille førehandskonferanse for å få avklart dykkar sak. Sjå elles tidlegare e-postar med informasjon.

Vennleg helsing

**Are Frøysland Grande** | Avdelingsleiar Plan og byggesak

Telefon: 56 17 11 92

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

---

**Frå:** Reidar Leiv Furelid <[rfurelid@yahoo.com](mailto:rfurelid@yahoo.com)>

**Send:** torsdag 11. november 2021 16.23

**Til:** Are Frøysland Grande <[are.froysland.grande@alver.kommune.no](mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no)>

**Emne:** Sv[2]: Om riving av kårhus og evt.nybygg på gbnr182/4.

Hei!

Eg skjønar at her er det noko som er *mistydd hos kommunen*. Det må vera heit klårt at *vi har ein avtale* med kommunen i høve vassverksaka. Dette kan ikkje noko vedtak i nokon samanheng skipla på, Då må ein ha eit nytt skjøn!

**Bed om at ansvarlege i Alver kommune set seg inn i dette og gjev så svar på det eg har teke opp.** Hadde ikkje drøymt om at folk utan kunnskapar om sakene i kommunen freistar gjera det usikkert om vi *framleis* kan ha KÅRHUS på bruket! Og

attpå alt verkar det som at det er *eg* som skal finna ut om status for området! Det verkar svært lite meiningsfylt!

Våningshuset vi bur i var i bruk då Lindås kommune oppjusterte avløpet frå kårhuset. Til same slag som vi har til huset vi flytta inn i i 1981. Det er nesten som eg har inntrykk av at det er *eg* som skal dokumentera den statusen og!

Eg har ikkje noko problem med å skjøna at bygging utanom bruk med aktiv drift,- vil vera uråd. Og det heng og saman med den avtalen som vart laga i høve vassverksaka. Men her er faktisk kårhus mykje knytt opp til framtidig freistnad på gardsdrift. Sjølv om mangt er uvisst om framtida.

Eg kjem ikkje til å planleggja noko hus som ikkje kommunen kan godta. DEN søknaden kjem, om saka vert handtert på ein rett måte andsynes oss. Det bør vera nokon som har kunnskapar om dette eg har nemnt. Må få nemna ei vond erfaring: Ein i området her har hatt STORE advokatutgifter i ei sak som han (sjølv sagt!!!) fekk medhald i til slutt! Etter 6 års kamp! DET har eg ikkje råd til! Eller tid til!

Vonleg gjev de tilbakemelding, rimeleg raskt. Takkar dykk for raskt svar denne gongen!

Med vennleg helsing Reidar Furelid

----- Original melding -----

Fra: "Are Frøysland Grande" <[are.froysland.grande@alver.kommune.no](mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no)>

Til: "Reidar Leiv Furelid" <[rfurelid@yahoo.com](mailto:rfurelid@yahoo.com)>

Cc: "Josep Gayrbekov" <[josep.gayrbekov@alver.kommune.no](mailto:josep.gayrbekov@alver.kommune.no)>

Sendt: 11.11.2021 08:28:50

Emne: SV: Om riving av kårhus og evt.nybygg på gbnr182/4.

Hei,

Som opplyst i e-posten er det til ein kvar tid gjeldande arealplan for området som legg føringar for vår handsaming etter plan- og bygningslova. Kva din eigedom er regulert til har eg ikkje sjekka ut spesifikt. Vi kan ikkje seie noko om utfallet av ein søknad før vi har motteke komplett søknad og teke den til handsaming.

Som nevnt tidlegare har vi byggesaksvakten som har meir generell veiledning og utover det er det naudsynt med førehandskonferanse for å få avklart akkurat ditt prosjekt. Dette er dei to tilbuda kommunen har når det gjeld veiledning. I forhold til ein førehandskonferanse kan det vera ein fordel å ha med ansvarleg søkjar sånn at ein får avklart eventuelle spørsmål som dei også har.

Håper du nå har nok informasjon til å komma vidare i prosessen.

Ynskjer deg ein fortsatt fin dag.

Vennleg helsing

**Are Frøysland Grande** | Avdelingsleiar Plan og byggesak

Telefon: 56 17 11 92

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



---

**Fra:** Leiv Furelid <[rfurelid@yahoo.com](mailto:rfurelid@yahoo.com)>

**Sendt:** onsdag 10. november 2021 00:08

**Til:** Are Frøysland Grande <[are.froysland.grande@alver.kommune.no](mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no)>

**Emne:** Om riving av kårhus og evt.nybygg på gbnr182/4.

Hei!

Eg takkar for svaret eg mottok i kveld. Dette var god orientering!

**MEN:** Eg må ganske sterkt undrast over at det vert stilt spørsmål om vi framleis her har rett til kårhus og hovudhus. Avtalen med kommunen frå kring 1980 er i høve at Storevatnet vart drikkevasskjelde. Såkalla erstatningar vi fekk, var tufta på avtalen. Vert avtalen endra for våre gardsbruk, - må det sjølvsagt utløysa heilt andre krav til "erstatningar". Difor må det gå at kommunen *garanterer* å innvilga byggjeløyve for nytt kårhus som erstattar det gamle. Når eg ikkje har hug til å søkja om løyve bådet til riving og bygging av nytt samstundes, - har det klår samheng med det nemnde forholdet! I tillegg kjem dette med *fristar* inn. Fristar for kva tid eit tiltak vert gjennomført. Slike kan bli meir ei utidig svøpe enn hjelp!

Ordet *dispensasjon* er teke inn eposten av 9.11. Då byrjar vi å gå utpå tynn is! Om vi for å få byggja nytt kårhus, - må søkja om *dispensasjon* frå gjeldande reglar for området vårt, må eg be om å **få klarlagt kva tid kommunen vart fristilt i høve avtalen om bustadhus på gardane her!** Vi bygde nytt hovudhus som vart flytta inn i året 1981. Eit nytt kårhus heng nøye saman med framtida for oss og bruket. Nemnd av meg i epost av 9.11.21 til Alver kommune v/ Josep Gayrbekov. Eg

oversender den til orientering. Der tek eg opp dette med konferansar med kommunen i høve saker. Desse sakene bør vi no greia utan meir "konferansar" enn eg treng med profesjonelle innan bygg og riving.

Eg skjønar svært godt at det er strenge krav til forholda som vedkjem bustader i nedbørsfeltet til den svært gode drikkevasskjelda som Storevatnet er! Men gardsbruk her,- der ein framleis freistar halda ei viss drift i gang, - bør for totalmjøløet sin del heller støttast enn motarbeidast!

(Vil setja stor pris på *tilbakemelding om mottak av denne eposten* utan at akkurat den stadfestinga treng gje svar på saker som er tekne opp!)

Med ønskje om tilfredsstillande løysingar på sakene våre,-  
med vennleg helsing

Reidar Furelid